



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 04.06.2014

Sak nr.: 14/3376-3

Internt l.nr.: 17720/14

Sak: 74/14

Tittel: Høringsuttale til rapport frå ekspertgruppe om organisering av strømnettet - Reiten-utvalet

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget ser fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om såkalla DSO-organisering.
2. Fylkestinget ser og positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon.
3. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette snarast.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av kraftforedlende industri og sterk svekkeing av utbygging av fornybar energi. Fylkestinget ber om ei utgreiing av ulike modellar som jamnar ut nettleiga.
2. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.
3. Fylkestinget ser elles fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om såkalla DSO-organisering.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vart samrøystes vedteke. Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av kraftforedlande indistri og sterk svekkeing av utbygging av fornybar energi. Fylkestinget ber om ei utgreiing av ulike modellar som jamnar ut nettleiga.
2. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.
3. Fylkestinget ser elles fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om såkalla DSO-organisering.